

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR PADLANE.

- §1 Det regulerte område er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på planen.

I. Byggeområder.

Område for bustadbygging.

- § 2 Det tillatast oppført heilårsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje og uthus. Bustader skal ikkje ha større høgde enn følgjande:
- **Flattak:** Maksimal gesimshøgde er 6,0 meter.
 - **Saltak eller valmtak:** Maksimal gesimshøgde er 5,0 meter, og maksimal mønehøgde er 8,0 meter.
 - **Pulttak:** Gesimshøgda på lågaste gesims skal ikkje overstige 5,0 meter, medan høgaste gesims skal ikkje overstige 7,0 meter.

All høgde på bustader skal vera målt frå gjennomsnittleg planert terreng nivå. I tillegg kan garasje tillatast.

- § 3 Bygningane skal i all hovudsak plasserast som vist på planen. Møneretningen vert rekna i huset sin lengderetning.

- § 4 Kvar tomt kan bebyggjast på inntil 35% BYA av kvar einskild tomt, - inkludert garasje.

- § 5 Garasjen skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset, og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge. Dersom forholda ligg til rette for det kan kommunen gi løyve til oppføring av frittliggjande garasje. Garasjen kan oppførast maks 50 m² BRA.

Dersom kommunen finn det tilrådeleg, kan garasje som får lengderetning langs vegen, tillatast plassert inntil 2 m frå vegkant.

I tillegg til garasje skal det vera oppstillingsplass på eigen grunn for 1 bil pr. leilegheit.

- § 6 Bygningane skal fortrinnsvis ha saltak eller valmtak.

II. Friområder.

- § 7 I friområda kan kommunen med formannskapet sitt samtykke tillate oppført bygningar som har naturleg tilknytning til friområder og som ikkje vil vera til hinder for bruk av området som friområde.

III. Fellesføresegner.

- § 8 Det vert ikkje tillate med private avkjørsler direkte til sekundærveg (hovudveg) der det er mogleg å få avkjørsel til andre vegar. Det same gjeld for vegar som etter kommunen sitt skjønn kan få ein slik trafikkbelastning at fare vil kunne oppstå.
- § 9 Innanfor dei viste frisisiklinene i vegkryss skal det vera uhindra sikt ned til 50 cm. over dei kryssande vegar sitt planum.
- § 10 Innhegningar skal i same vegflukt vera av likt materiale og ha same høgd. Gjerde skal plasserast minimum 1 m. frå vegkant, og skal ikkje vera høgare enn 0,8 m. over vegplanum. I skjering og fylling kan kommunen fastsetje annan høgd.
- § 11 Forstøttingsmurar langs vegar er ikkje tillate. Dersom særlege grunnar føreligg, kan kommunen godkjenne forstøttingsmurar og setja krav til høgd, utforming og utføring av desse.
- § 12 Når særlege grunnar føreligg, kan kommunen gjera unnatak frå desse føresegnene innanfor rammen av plan- og bygningsloven.